



1. KVARTALSRAPPORT 2016



Innhold

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:	2
1 Innleiing	3
2 Økonomisk status sentrale postar	3
2.1 Eigedomsskatt	4
2.2 Renteinntekter og utbytte	4
2.3 Disposisjonsfond	4
3 Økonomisk status tenesteområda	6
3.1 Politisk styring.....	6
3.2 Administrativ styring, støttfunksjonar.....	6
3.3 Oppvekst.....	6
3.4 Pleie og omsorg	6
3.5 Helse og sosial.....	6
3.6 Plan, samfunn og utvikling.....	6
3.7 Tekniske justeringar tenesteområda	6
4 Årsverk og Sjukefråvere	7
5 Budsjettedtak 2016 – verbaldel	9
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta	11
6.1 Status for investeringsprosjekta.....	11
7 Vedlegg rekneskapsskjema.....	15
8 Finansrapport	17
8.1 Bankinnskot.....	17
8.2 Lånegjeld	17

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2016 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2016 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar).
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2016 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Rådmannen får fullmakt til å gjera endringar i interne disponeringar for 2016 slik som skissert i kapittel 2.3
5. Rådmannen får fullmakt til å gjere tekniske justeringar slik det går fram av punkt 3.7
6. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2016 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk. Finansieringa av investeringane vert endra slik det går fram av oversynet jamfør punkt 6.1.

1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2016 syner økonomisk status pr. 31. mars og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.3. 2016.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2016 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

I følgje ”Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning” skal administrasjonssjefen minst to gongar i året leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av økonomiske statusrapportar når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

Hovedpunktene som påverkar resultatet per 1. kvartalsrapport 2016 kan kort oppsummerast slik:

Kjente avvik per 1. kvartal	Prognose avvik
Auke i sosialutbetalingar	3 000
Utbytte	-978
Eigedomsskatt	-1 600
Sum avik totalt som påverkar resultatet	422

2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2016	Framlegg om justering	Prognose med justering
Sentrale postar				
2.1	Skatt og rammetilskot			0
2.2	Generelle statstilskot			0
2.3	Eigedomsskatt	1 600	-1 600	0
2.4	Renteinntekter og utbytte	978	-978	0
2.5	Premiefond og premieavvik pensjon			0
2.6	Rente- og avdragsutgifter			0
2.7	Avsetjing til disposisjonsfond		-422	0
	Sum sentrale postar	2 578	-3 000	0
1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.				

Rammene for drift av dei kommunale tenestene vert mellom anna lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for heile 2016 syner eit positivt avvik på 2 578 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

2.1 Eigedomsskatt

Budsjett for eigedomsskatt er 1 600 000 lågere enn utskreve eigedomsskatt for 2016, og rådmannen rår til å auke budsjett for eigedomsskatt slik at det er samsvar mellom budsjett og faktisk utskreve eigedomsskatt.

2.2 Renteinntekter og utbytte

Utbyttet frå BKK som vert utbetalt i mai 2016 er på 8 778 000 kr, mot budsjett 7 800 000 kr. Rådmannen rår til å auke inntekta frå utbytte med 978 000 kr i samsvar med faktisk utbetalt utbytte 2016.

2.3 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
Fond pr. 1.1.2016	38 750
Disponert tomt rundkøyning Knarvik	-202
Overført til trafikksikringsfond	-1 250
Havnesamarbeid	-200
Avsetjing vedteke budsjett	20 015
Egenkapitalinnskudd KLP	-2 400
Overføring trafikksikringsfond	-1 300
Straumaggregat brann-driftsstasjon KO 028/15	-500
Driftstilskot Smiso KO 009/16	-62
Opptrapping lærlinger KO 011/16	-300
<i>Endringar 1. kvartalsrapport</i>	<i>-422</i>
<i>Avsetningar årsrekneskap 2015</i>	<i>18 233</i>
<i>Overført frå disposisjonsfond omtvasta eigedomsskatt</i>	<i>61 359</i>
Budsjettert fond pr 31.12.16	131 721
<i>* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt</i>	

Disposisjonsfond - omtvasta eigedomsskatt	
Fond pr. 1.1.2016	111 572
Bruk vedteke budsjett	-47 618
<i>Auka finansiering av investeringar, 1. kvartalsrapport</i>	<i>-2 595</i>
<i>Overført til generelt disposisjonsfond</i>	<i>-61 359</i>
Budsjettert fond pr 31.12.16	0

Dei tidligare omtvasta midlane flyttast frå fond for omtvasta eigedomsskatt til generelt disposisjonsfond, då midlane ikkje lengre er omtvasta. Det er lagt inn i vedteken økonomiplan av midlane skal nyttast til å finansiere investeringar i 2016 og 2017.

Status disposisjonsfond – premieavvik:

Disposisjonsfond - premieavvik	
Fond pr. 1.1.2016	4 621
Amortisering premieavvik for 2015	-5 754
Budsjettert avsetning premieavvik (2016)	16 842
<i>Korrigerer avsetnad fond for premieavvik, jfr. Årsrekneskap 2015</i>	1 133
Budsjettert fond pr 31.12.16	16 842
<i>* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt</i>	

Status infrastrukturfond:

Disposisjonsfond - infrastruktur	
Fond pr. 1.1.2016	5 000
Bruk vedteke budsjett	-2 500
Tømmerkai Eidsnes FO 006/16	-560
Budsjettert fond pr 31.12.16	1 940

Status trafikksikringsfond:

Disposisjonsfond - trafikksikringsfond	
Fond pr. 1.1.2016	
Tidligere løyvd frå disposisjonsfond	1 250
Tidligere premiepenger overført frå drift	1 050
Overført frå investeringsfond	2 200
Overført frå disposisjonsfond	1 300
Bruk av trafikksikringsfond	-600
Budsjettert fond pr 31.12.16	5 200

Status næringsfond:

Næringsfond	
Fond pr. 1.1.2016	5 415
Utbetalte tilskot - administrative vedtak 2016	-149
Budsjettert fond pr 31.12.16	5 266

3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2015	Framlegg om justering	Prognose med justering
3.1	Politisk styring	22 134			0
3.2	Administrativ styring, støttefunksjonar	170 819			0
3.3	Oppvekst	272 435			0
3.4	Pleie og omsorg	255 626			0
3.5	Helse og sosial	74 317	-3 000	3 000	0
3.6	Plan, samfunn og utvikling	119 106			0
	Sum tenesteområda	914 437	-3 000	3 000	0

1) Ei meirinntekt eller mindrettgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.

Prognosen synar eit samla avvik på 3 000 000 kr per 1. kvartal 2016.

3.1 Politisk styring

Politisk styring ser ut til å gå ut om lag som budsjettert.

3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Prognosen for administrativ styring, støttefunksjonar for 2016 er som budsjettert.

3.3 Oppvekst

Prognosen for oppvekst for 2016 er som budsjettert. Det har vore ein auke i elevtal på Lindås barneskule som har ført til behov for klassesdeling og dermed trong for auka tal pedagogar på dette trinnet. Denne endringa førar til omprioritering av ressursar innan oppvekst, og er tenkt løyst innanfor tenesteområdet.

3.4 Pleie og omsorg

Prognosen for pleie og omsorg er per 1. kvartal som budsjettert.

3.5 Helse og sosial

Utgiftene til sosialhjelpsstønad auka betydelig siste del av 2015 og utbetalingane i 2016 ligg an til å verte 3 000 000 kr over budsjett.

Rådmannen rår til å auke ramma for tenesteområdet med 3 000 000 kr.

3.6 Plan, samfunn og utvikling

Prognosen for plan, samfunn og utvikling for 2016 er som budsjettert.

3.7 Tekniske justeringar tenesteområda

Avskrivingar

Kommunane skal registrera avskrivningar om lag etter dei same prinsippa som private bedrifter. Konkret vert dette gjennomført ved at avskrivingskostnaden vert registrert på den enkelte tenesta/eininga. Men verknaden av avskrivningane skal eliminerast på sentral teneste – det er avdraga som har resultatteffekt i kommunen sin rekneskap.

For å få ei god oppfølging av økonomien i den enkelte eininga bør budsjetterte avskrivningar samsvara med rekneskapsførte avskrivningar. Avskrivningane for 2016 er no rekneskapsførte. Rådmannen vil difor leggja til grunn at følgjande tekniske budsjettjustering vert gjennomført mellom tenesteområda – og sentrale postar:

AVSKRIVNINGAR *			
(tal i 1000)			
tenesteområde	Rekneskap	Vedteke budsjett	Budsjett endring
1 Politisk styring		28	-28
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	2 985	2 831	154
4 Pleie og omsorg	85	56	29
5 Helse og sosial	42	42	0
6 Samfunn og utvikling	32 100	22 424	9 676
Sum	35 212	25 381	9 831
10 Skatt, rammetilskot, avskr mv	-35 211	-25 381	9 830

* eksklusiv sjølvkost (vatn og avløp)

4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

Årsverk

Administrasjonen har i samband med utarbeiding av økonomisk statusrapport jobba parallelt med å få lagt fram eit samla oversyn kommunale årsverk. Utgangspunktet har vore dei lønsheimlar som ligg i kommunen sitt løns- og personalsystem. Desse har vorte gjennomgått sentralt, og i tillegg er tala kvalitetssikra med dei fleste einingsleiarane.

Generelt er det dei faste stillingane som er budsjettert som vert presentert. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrahjelp eller andre engasjement. Ledige/vakante årsverk er med så lenge desse ikkje varig er trekt attende.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	Budsjett 2016	1. kvartal 2016
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	49	47
3 Oppvekst	394	411
4 Pleie og omsorg	374	368
5 Helse og sosial	94	91
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	164	149
Sum tenesteområda (2-6)	1 074	1 066

Årsverka under administrativ styring som ikkje var besatt per 1. kvartal skuldast innkjøpssjef og IKT leiar, som per no er gjort tilsetningar i. Det er ein vakant stilling under Norhordland kemnerkontor som er lyst ut.

Under oppvekst er det per 1. kvartal i bruk 17 årsverk meir enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak Knarvik og Lindås ungdomskulekrins kor det per 1. kvartal er i bruk 8 årsverk meir enn budsjettet på kvar av dei to ungdomskulekrinsane. Det høge avviket i brukte stillingar skuldast dels meirforbruk fyste halvår, dels ikkje budsjetterte gjesteelevar og dels oppretting av skuletilbod for borna ved asylmottaket Lune Huler. Meirforbruket fyste halvår vert justert per andre halvår, ressursar knytt til gjesteelevar vert kompensert ved auka refusjonsinntekter og årsverka knytt til Lune Huler vert budsjettjustert og kompensert med høgare inntekter. Det ligg ikkje an til meirforbruk totalt sett til tross for høgt avvik per fyste halvår.

Under pleie og omsorg er det per 1. kvartal eit mindreforbruk på 6 årsverk totalt. Dette skuldast mellom anna reduksjon av tal sjukeheimplassar og vakant avdelingsleiarstilling på sjukeheimen. Dette vert sett opp mot auke i tal dagplassar for demente (Såta bu og servicesenter) og budsjetterte innsparingar under tenesteområdet.

Under helse og sosial er det per 1. kvartal eit mindreforbruk totalt på 3 årsverk. Dette skuldast ein vakant avdelingsleder stilling som er besatt per 01.04.16 og vakante heimler på legevakt og legeheimler.

Under tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk er det per 1. kvartal eit mindreforbruk på 15 heimler mindre enn budsjettet. Dette er midlertidig vakante stillingar fordelt på dei fleste einingane under tenesteområdet.

Sjukefråvere

Lindås kommune har ein målsetjing om lågare enn 6% sjukefråver. Tabellen under synar utviklinga i sjukefråveret dei siste åra. Det vil bli jobba målretta for å avdekkje tiltak for å få ned sjukefråveret.

Lindås kommune						
Kvartal/ år	2010	2011	2012	2013	2014	2015
1. kvartal	7,8	9,1	8,2	8,7	7,3	8,9
2. kvartal	7,5	8,4	7,4	7,5	7,8	8,1
3. kvartal	8,2	8,5	7,2	7,1	8,2	
4. kvartal	8,6	8,5	8,1	7	8,8	
Snitt	8	8,6	7,7	7,6	8	

Snitt kommunal sektor				
Kvartal/ år	2012	2013	2014	2015
1. kvartal	7,5	8	7,5	
2. kvartal	7	6,9	7,1	
3. kvartal	7,2	7	7,1	
4. kvartal	7,5	7,1	7,3	
Snitt	8	8,6	7,7	

5 BUDSJETTVEDTAK 2016 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen ein del verbalpunkt. Status for desse vert rapportert her:

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2016	Status
13. Tidleg innsats 1- 4. klasse: Det vert løyvd netto auke 300 000 kr slik at endring i øyremerka midlar som følge av budsjettforliket i Stortinget og auka ramme oppvekst utgjør til saman 5 årsverk pedagog, ref. tabellen over driftsendringar over. Dette for å styrkje tidleg innsats i 1.-4. klasse, gjeldande for skuleåret 2016/17.	Dei øyremerka midlane etter budsejttforliket på stortinget er løyvd, og dei 5 vedtekne årsverka vert sett inn frå hausten 2016 - gjeldande for skuleåret 2016/2017.
14. Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein behovskartlegging av bygging av ny kommunal barnehage på Lindås. Dette vert gjort etter kapittel 3.2.1 i «Retningsliner for styring av investeringsprosjekt i Lindås kommune». Behovskartlegginga vert lagt fram i samband med økonomiplanprosessen våren 2016.	Dette blir lagt fram som et eige punkt på strategisamlinga 30.05.
15. Kulturplanen 2011-2023 har som mål å bla «planleggja og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i nær dialog med lag og organisasjonar». Eit slikt prosjekt bør vere eit fellesprosjekt for regionen å samarbeide om. Kommunestyret ber rådmannen om å gjennomføre ein behovskartlegging av bygging av eit regionalt kulturhus. Dette vert gjort etter kapittel 3.2.1 i «Retningsliner for styring av investeringsprosjekt i Lindås kommune». Behovskartlegginga vert lagt fram i samband med økonomiplanprosessen våren 2016. Eit mogleg symjeanlegg vert sett på i samband med rullering av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø.	Vi held på med ei spørjeundersøking for å avklare behovet. Resultatet av denne undersøkinga og forslag til vegen vidare blir lagt fram i strategisamlinga til formannskapet 30.05.
17. Tidlegare forskotterte midlar til vegprosjekt skal etter kvart som dei vert tilbakebetalt nyttast til tilsvarande formål i Lindås kommune etter politisk behandling. Dette vert innarbeidd i økonomiplanarbeidet våren 2016.	Dette vert innarbeidd i økonomiplan 2017 - 2020 og lagt fram på strategisamlinga 30.05.

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2016	Status
<p>18. Kommunestyret bed rådmannen vurdere ei opptrapping av tal lærlingar. Det er eit delmål å legge til rette for eit samarbeid mellom næringsliv og kommunen for å dekke fleire fagområder.</p>	<p>Sak 11/16- vedtak i KO: Administrasjonen får høve til å auke talet på lærlingar med inntil 10 lærlingar frå 15 til 25 for skuleåret 2016/2017. Auka kostnad på inntil kr. 300.000,- for 2016 vert finansiert gjennom disposisjonsfondet. Framtidig strategi for lærlingar vert lagt fram i samband med økonomiplanen 2017 – 2020. Lindås kommune stiller seg positive til å ta imot lærlingar innanfor fleire tekniske fagområder i samarbeid med næringslivet. Lindås kommune anmodar Nordhordland opplæringskontortil å vera koordinator for dette arbeidet.</p>
<p>19. Kommunestyret ber om ei sak om korleis ein i større grad kan nytte frivillige som ressurs i pleie og omsorgssektoren. Saka vert lagt fram i samband med økonomiprosessen 2016</p>	<p>Dette blir lagt fram som et eige punkt på strategisamlinga. Vi kjem til å legge fram ulike modellar og eksemplar for korleis ein kan nytte frivillige som ein ressurs i omsorgssektor. Dei overordna føringane på dette området blir tatt i samfunnsdelen til kommuneplanen og i kommunedelplan for helse og omsorg.</p>

6 FRAMLEGG TIL JUSTERINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET OG STATUS FOR PROSJEKTA

6.1 Status for investeringsprosjekta

I samband med rapporteringa for 1. kvartal legg rådmannen fram ein status for investeringsprosjekta, samt ein prognose for korleis evt. meirforbruk er tenkt finansiert innanfor den totale investeringsramma for året.

I dag tek kommunen opp samla lånebehov på slutten av kvart år, og sidan det ikkje er behov for å ta opp lån tidlegare på året blir prosjekt med framdriftsendringar eller avvik i hovudsak ikkje føreslått budsjettjustert før i samband med 2. tertialrapport. Det kan verte aktuelt å måtte ta opp lån tidlegare på året i dei komande åra, men dette vil i så fall verte teken omsyn til i dei komande budsjett og økonomiplanane.

Det vert rapportert status på investeringsprosjekta på eigedom på kvart formannskapsmøte og per 28.04.16 var det rapportert om manglande inntekt (finansiering av investeringane) frå budsjettert sal av tomt i Galteråsen grunna makebyte av tomt til på Knarvik barneskule.

Rådmannen rår til at det blir gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2016 (framdriftsjustert):

Prosjekt	Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.3.2016	Ikkje nytta midlar pr 31.3	Ikkje nytta midlar 2015 /Meirforbruk 2015	Prognose 2016 per 1. kvartal	Endra behov for midlar i 2016
LEIKNES SKULE - STORSTOVE	32 926	2 339	30 587	-191	32 735	-191
NY ALVERSUND SKULE	5 000	56	4 944		500	-4 500
KNARVIK BARNESKULE (NY)	1 800	399	1 401	-313	3 500	1 700
LEIKNES SKULE - REHAB.		751	-751	1 068	751	751
KNARVIK IDRETTSANLEGG	600		600		1 500	900
HARDBRUKSBUSTADER (rus/psykiatri)	10 700		10 700		3 000	-7 700
Sansehage Lindås bu og servicesenter	100	14	86	579	679	579
Ostertunet omsorgsbustader EIDAVEGEN 512 10 LEILIGHETER		19	-19	438	200	200
Nytt bufellesskap	10 000		10 000		0	-10 000
Endra framdrift i 2016						-18 261
Knarvik idrettsanlegg er ikkje framdriftsendring, men foreslått auke på 900 000 kr. Vert omtalt under eige punkt						

Knarvik idrettsanlegg:

Det er i 2016 budsjettert med 600 000 kr under Knarvik idrettsanlegg. Midlane er tenkt brukt til en ny rubbhall for å lagre utstyr som i dag står utendørs. Det er ikkje mogleg å få ein tett rubbhall for 600 000 kr, og rådmannen rår til at budsjettet vert auka til 1 500 000 kr dersom det skal setjast opp ein rubbhall.

Knarvik barneskule:

Det var i 2016 budsjettert med 1,8 mill. kr. i planlegginga av Knarvik barneskule, men med forventa framdrift vert utgiftene i 2016 3,5 mill. kr. I denne summen er det inkludert 250.000 kr til kvar av dei fem taparane av konkurransen, honorar til prosessveileder for samspill, eigne prosjektleiarkostnader, eksterne rådgjevarar i utforming og kvalitetssikring av konkurransegrunnlaget og prosjektkostnader i samspillsfasen frå august og ut året.

Leiknes skule:

Ikkje nytta prosjektmidler frå 2015 er foreslått overført til 2016, då det sto att noko arbeid i 2016. Prosjektet ligg an til mindreforbruk i forhold til totalt prosjektbudsjet.

Ny Alversund skule:

Tomteplassering- og størrelse for vidare arbeid med områdeplanen er klart og grunnlaget for byggeprogram er også i stor grad klart. Det er per dags dato ikkje gjort avtale med grunneigarar, og framdrifta vert derfor noko endra. Avtale med grunneigarar må inngås før vi kan fortsette prosessen med planlegging av skulen. Områdeplanen skal vere klar til årsskiftet.

Hardbruksbustader og nytt bufellesskap:

Vi vil bruke året på å finne egna tomt for hardbruksbustadene. 3 mill. kr i 2016 er tenkt til tomt. Det har ikkje lukkast å finne egna tomter i kommunalt eige, og vi må derfor rekne med å kjøpe en tomt eksternt. Utforming, antall og plassering må vere en del av vurderingane som gjerast i bustadsosial handlingsplan.

Bufellesskap: Utforming, antall og plassering må vere en del av vurderingane som gjerast i bustadsosial handlingsplan. Arbeidet med dette prosjektet avventer ferdigstilling og behandling av handlingsplanen. Tomt er ikkje avklart.

Sansehage Lindås bu og servicesenter:

Ikkje nytta midler frå 2015 er foreslått overført til 2016, slik at arbeidet kan ferdigstillast i 2016.

Ostertunet:

Ikkje nytta midler i 2015 vert foreslått overført til 2016. Prosjektet ligg an til eit mindreforbruk totalt på 200 000 kr.

Finansieringa med omsyn til generelle investeringar blir dermed endra slik:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2016	1. kvartalsrapport 2016	Differanse
Brutto investeringar	189 626	171 365	18 261
Avdrag på formidlingslån	15 300	15 300	0
Formidling av Husbanklån	30 000	30 000	0
Sum finansieringsbehov	234 926	216 665	18 261
FINANSIERING			
FINANSIERING	Budsjett 2016	1. kvartalsrapport 2016	Differanse
Lån			
Husbanklån	0	0	
Generelle investeringar	0	0	0
Avløpsrenseanlegg	14 500	14 500	
Vassverk	43 000	43 000	
Sum låneoptak	57 500	57 500	0
Mottekne avdrag på formidlingslån	15 300	15 300	
SUM EKSTERN FINANSIERING	72 800	72 800	0
Anna finansiering			
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	26 025	22 373	3 652
Driftsfinansiering (fond for omtvista eigedomsskatt)	47 618	50 213	-2 595
Driftsfinansiering eigedomsskatt	31 379	31 379	
Driftsfinansiering (infrastrukturfond)	2 500	2 500	
Salg av tomt i Galteråsen, seksjoneres før salg	18 000		18 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	2 400	2 400	
Bruk av tidlige lånemidler, startlån	30 000	30 000	
Tilbakebetaling av forskottering Statens vegvesen		5 000	-5 000
Fondsmidlar sal av bustader	4 204		4 204
SUM INTERN FINANSIERING	162 126	143 865	18 261
SUM FINANSIERING	234 926	216 665	18 261

Endringar i finansiering: Sal av tomt i Galteråsen vert ikkje gjennomført, då tomt vert lagt inn som makebytte mot tomt til nye Knarvik barneskule. Det var opprinneleg tenkt at andre tomter kunne gå i makebytte for å realisere skuletomten, men dette vart ikkje mogleg å gjennomføre.

Det er mottatt 5 000 000 kr i 2016 som gjelder tilbakebetaling av forskotterte midler frå statens vegvesen. Desse midlane er ikkje budsjettert med, og kjem i tillegg til dei 10 000 000 kr som er budsjettert med under finansiering av investeringar.

Den budsjetterte bruken av fondsmidlar sal av bustader på 4 204 000 kr vert flytta til 2017, då dette er knytt til investeringsprosjektet »hardbruksboligar» som ikkje vert gjennomført før i 2017.

Etter endringar i framdrift på investeringsprosjekta og endringar i finansieringa (sal av tomt) og tilbakebetaling frå Statens vegvesen er det per 1. kvartal ein differanse på 1 609 000 kr som er lagt inn som redusert bruk av disposisjonsfond.

Prosjekt	Budsjett 2016	Rekneskap pr 31.3.2016	Ikkje nytta midlar pr 31.3	Ikkje nytta midlar 2015 /Meirforbruk 2015	Prognose 2016 per 1. kvartal
Investering administrasjonsbygg	3 600	151	3 449		3 549
Brann- og driftsstasjon "Wergelandsbygget"		55			
Lindås brannstasjon		28			
Sum administrasjonsbygg (delsum)	3 600	234	3 449		
LEIKNES SKULE - STORSTOVE	32 926	2 339	30 587	-191	32 735
NY ALVERSUND SKULE	5 000	56	4 944		500
Rive rektorbustad Eikanger skule	500	0	500		500
BUSTAD SEIM GBNR 172/59	500	0	500		500
KNARVIK BARNESKULE (NY)	1 800	399	1 401	-313	3 500
LEIKEPLASSUTSTYR	250	0	250		250
INVESTERING SKULEBYGG	2 400	141	2 259		2 400
LEIKNES SKULE - REHAB.		751	-751	1 068	751
Sum skulebygg (delsum)	43 376	3 686	39 690	564	41 136
KVASSNESSTEMMA FRILUFTSOMRÅDE	400		400		400
FRIOMRÅDE KVAMSVÅG	200		200		200
Kvamsvågen - utvikling av vei/parkering/kjøp av vei	1 500	59	1 441		1 500
Utstyr Nordhordlandshallen	200		200		200
KNARVIK IDRETTSANLEGG	600		600		1 500
IDRETT, ANLEGG OG ANLEGGSTUTSTYR	2 600		2 600		2 600
INVESTERING KULTUR OG IDRETT	500		500		500
Sum kultur og idrett (delsum)	6 000	59	5 941	0	6 900
INVESTERING BARNEHAGEBYGG	1 000	133	867		1 000
Sum barnehagebygg (delsum)	1 000	133	867	0	1 000
HARDBRUKSBUSTADER (rus/psykiatri)	10 700		10 700		3 000
MINIBUSS OG BIL MED RULLESTOLHEIS	1 400	74	1 326		1 400
INVESTERING BUSTADER	2 000		2 000		2 000
Sum bustader helse og sosial (delsum)	14 100	74	14 026	0	6 400
INVESTERING INSTITUSJONSBYGG OG OMSORGSBUSTADER	1 000				1 000
STORBRUHAUGEN 13 KROSSLEITET BUFELLESSKAP 6 LEILIGHETER		139	-139		
Sansehage Lindås bu og servicesenter	100	14	86	579	679
Ostertunet omsorgsbustader EIDAVEGEN 512 10 LEILIGHETER		19	-19	438	200
Nytt bufelllesskap	10 000		10 000		0
Sum institusjon og omsorgsbustader (delsum)	11 100	172	9 928	1 017	1 879
Kyrkjeleg fellesråd	500		500		500
Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)	500	0	500	0	500
Rammebudsjett Vatn	43 000	3 666	39 334		43 000
Rammebudsjett Avløp	14 500	899	13 601		14 500
Rammebudsjett Veg	18 000	1 957	16 043		18 000
Rammebudsjett Brann	500	0	500		500
UNIVERSELL UTFORMING/SÆRLEG TILRETTELEGGING	1 500	218	1 282		1 500
OFFENTLIGE PÅLEGG	5 000	0	5 000		5 000
UTVIKLING KNARVIK	10 000	199	9 801		
Digitalt byggesaksarkiv	2 000	0	2 000		500
INFRASTRUKTUR	7 500	0	7 500		
Digitalt kartverk/plottar	250	4	246		246
MINDRE TOMTEKJØP/GRENSEJUSTERINGER	2 000	0	2 000		2 000
IKT-anlegg	3 300	701	2 599		3 300
EGENKAPITALINNSKUDD - KLP	2 400	0	2 400		2 400
Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda	33 950	1 122	32 828	0	14 946

7 VEDLEGG REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapsskjema 1A - drift	Rekneskap pr 31.3	Reg. budsjett 2016	Oppr. budsjett 2016	Rekneskap 2015
Skatt på inntekt og formue	-116 488 951	-393 122 000	-393 122 000	-374 666 649
Ordinært rammetilskudd	-116 956 912	-405 312 000	-405 312 000	-386 602 616
Skatt på eiendom	-81 724 064	-161 870 000	-161 870 000	-158 406 181
Konsesjonskraft, avgift	-15 132	-150 000	-150 000	-92 959
Andre generelle statstilskudd	-2 997 430	-22 022 000	-22 022 000	-19 143 599
Frie disponible inntekter	-318 182 489	-982 476 000	-982 476 000	-938 912 004
Renteinntekter og utbytte	-2 262 630	-21 540 000	-21 540 000	-23 641 015
Renteutg., provisjoner og andre	1 548 499	16 268 000	16 268 000	22 355 442
Avdragsinntekter	0	-4 308 000	-4 308 000	-2 655 483
Avdrag på lån	296 856	38 246 000	38 246 000	35 888 312
Netto finansinnt./utg.	-417 275	28 666 000	28 666 000	31 947 256
Premieavvik		-13 921 000	-13 921 000	15 902 135
Bruk av premiefond		-9 000 000	-9 000 000	-15 013 622
Pensjonsinnskot				
Til dekning av tidligere underskot				
Til ubundne avsetninger		37 047 000	37 047 000	42 151 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk				
Bruk av ubundne avsetninger		-2 983 000	-2 921 000	-25 950 000
Netto avsetninger	0	11 143 000	11 205 000	17 089 513
Momsrefusjon investeringsaktivitet				
Overført til investeringsregnskap		31 379 000	31 379 000	
Til fordeling drift	-318 599 764	-911 288 000	-911 226 000	-889 875 235
Motpost avskrivningar	0	-31 145 000	-31 145 000	-30 934 595
Sum til fordeling drift	-318 599 764	-942 433 000	-942 371 000	-920 809 830
Netto driftsutgifter tenesteområda	229 455 238	942 433 000	942 371 000	901 174 050
Meirforbruk/mindreforbruk	-89 144 526	0	0	-19 635 780

Rekneskapsskjema 1B- drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2015
1 Politisk styring	7 261 008	21 516 000	21 516 000	22 735 189
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	13 975 998	63 984 000	65 863 000	167 412 832
3 Oppvekst	92 471 326	376 350 000	375 718 000	270 555 319
4 Pleie og omsorg	76 289 062	253 886 000	253 403 000	247 068 133
5 Helse og sosial	21 275 758	80 356 000	80 080 000	74 847 174
6 Plan, samfunn og utvikling	18 182 086	146 341 000	145 791 000	118 555 404
Sum tenesteområda	229 455 238	942 433 000	942 371 000	901 174 050

Økonomisk oversyn drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2015
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	11 439 450	43 251 000	43 251 000	41 490 007
Andre salgs- og leieinntekter	23 616 594	74 523 000	74 523 000	69 839 912
Overføringer med krav til motytelse	32 890 387	134 981 000	133 330 000	201 563 335
Rammetilskudd	116 956 912	405 312 000	405 312 000	386 602 616
Andre statlige overføringer	2 997 430	22 132 000	22 132 000	19 630 582
Andre overføringer	69 606	0	0	461 397
Skatt på inntekt og formue	116 488 951	393 122 000	393 122 000	374 666 649
Eiendomsskatt	81 724 064	161 870 000	161 870 000	158 635 263
Andre direkte og indirekte skatter	0	40 000	40 000	46 296
Sum driftsinntekter	386 183 396	1 235 231 000	1 233 580 000	1 252 936 057
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	174 467 279	622 411 000	617 025 000	642 632 100
Sosiale utgifter	48 091 697	160 805 000	159 067 000	180 629 231
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	38 705 935	153 854 000	155 892 000	160 520 548
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	36 294 992	176 441 000	176 441 000	171 406 281
Overføringer	14 210 484	50 624 000	52 958 000	56 401 757
Avskrivninger	0	31 145 000	31 145 000	30 934 595
Fordelte utgifter	-8 173 960	-32 911 000	-32 686 000	-33 370 367
Sum driftsutgifter	303 596 426	1 162 369 000	1 159 842 000	1 209 154 145
Brutto driftsresultat	82 586 968	72 862 000	73 738 000	43 781 912
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	2 262 630	16 893 000	16 893 000	20 548 310
Mottatte avdrag på utlån	102 870	50 000	50 000	400 794
Sum eksterne finansinntekter	2 365 500	16 943 000	16 943 000	20 949 104
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	1 553 993	16 268 000	16 268 000	22 630 716
Avdragsutgifter	296 856	38 246 000	38 246 000	35 888 312
Utlån	168 881	50 000	50 000	873 812
Sum eksterne finansutgifter	2 019 729	54 564 000	54 564 000	59 392 840
Resultat eksterne finanstransaksjoner	345 771	-37 621 000	-37 621 000	-38 443 736
Motpost avskrivninger	0	31 145 000	31 145 000	30 934 595
Netto driftsresultat	82 932 739	66 386 000	67 262 000	36 272 771
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0		0	
Bruk av disposisjonsfond		2 983 000	2 921 000	27 345 860
Bruk av bundne fond	6 211 788	607 000	21 000	6 322 466
Sum bruk av avsetninger	6 211 788	3 590 000	2 942 000	33 668 326
Overført til investeringsregnskapet	0	31 379 000	31 379 000	
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0			
Avsetninger til disposisjonsfond	0	37 047 000	37 047 000	42 151 000
Avsetninger til bundne fond	0	1 550 000	1 778 000	8 154 318
Sum avsetninger	0	69 976 000	70 204 000	50 305 318
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	89 144 527	0	0	19 635 780

8 FINANSRAPPORT

8.1 Bankinnskot

Ifølgje det vedtekne finansreglementet skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av dei økonomiske statusrapportane, og ikkje som eiga rapport når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status. Finansforvaltninga har ikkje endra risikokarakter sidan desember 2013 (finansrapport 2013), dei einaste endringane er den flytande innlåns og utlånsrenta, samt bankinnskot.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap pr mars 2016
Kasse	35	47	37	40
Den norske Bank	375 213	388 391	2 618	4 629
SR-bank	0	0	344 080	325 877
Sum	375 248	388 438	346 735	330 546

SR-bank er kommunen sin hovudbank frå 15.06.2015. Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 3 mnd. frå Noregs Bank + 0,55%.

Pr. mars 2016 blir det 0,98% + 0,55% = 1,53%.

Renta per 31.12.2015 var 1,68%

Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos SR-bank.

8.2 Lånegjeld

Långjevarar	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap pr mars 2016
Formidlingslån				
Husbanken	192 262	225 768	230 519	226 838
Kommunalbanken	5 775	5 362	4 950	4 950
Andre lån				
Husbanken	24 304	23 253	22 047	21 750
Kommunalbanken	877 116	885 325	850 643	850 642
Sum lånegjeld	1 099 457	1 139 708	1 108 159	1 104 180

Det er ikkje teke opp startlån eller andre lån hittil i 2016.

Husbanklån som blei tatt opp i 2010 har fast rente 3,7% i 10 år. Del av husbanklån som blei tatt opp i 2011 har fast rente 3,9% i 10 år. Dei andre låna i husbanken har i 2016 flytande rente, lik 1,689% pr 31.03.2016.

Låna i Kommunalbanken har flytande rente lik, 1,65% frå 21.10.2015.